



Skidag på Heggmyrane, fredag 28. februar 2020

- Elevane møter på Heggmyrane ved servicebygget kl 09.00, evt. på skulen kl. 08.30 om dei ikkje har skyss. Me oppmodar om å møte på Heggmyrane, og at elevane vert henta der.
Skiheisen vil opne kl. 9.00 😊
- Småskulen sluttar kl. 13.05. Dei som ikkje vert henta vert transportert attende til HBUS ved skuleslutt. Mellomtrinnet og ungdomsskulen sluttar kl. 14.00 den dagen.
- Skulen SKAL ha melding frå foreldre viss elevar skal vere att i trekket/løypene, evt. om dei køyrer «fjellet» heim. Dette er då på eige ansvar.
- Me fyrar opp grillane. Elevane kan ta med grillmat, varm/kald drikke, kjeks/tursjokolade/frukt og sitjeunderlag.
- Utstyr MÅ merkast med namn. Ta med langrenn eller alpint. Alle som skal i trekket må ha hjelm. Viss de ikkje har ski, så spør om de kan låne av nokon
- Ein kan event. leige utstyr på skisenteret, og då er det spesialpris på kr. 150,- den dagen.
- Elevane har gratis i heisen heile dagen. **NB! Dei som har kort/årskort, ta med!** Sei ifrå til kontaktlærar om eleven treng heiskort den dagen.

Alpint:

* Elevar må vere sjølvstendige i trekket, viss ikkje må dei gå på ski eller ake.

1.- 3. klasse: Barnetrekket og Banktrekket

4. klasse: Barnetrekket, Banktrekket og Hovudtrekket opptil mast 10

5. - 7. klasse: Banktrekket og Hovudtrekket

8. - 10. klasse: Hovudtrekket og Sognaheisen

Då satsar me på ein solrik og aktiv skidag!

Hafslo, 24.02.20

Helsing tilsette ved skulen.

